



Ulstein Venstre

## REFERAT ÅRSMØTE I HAREID OG ULSTEIN VENSTRE

**Dato: 13. januar 2016**

**Tid: kl. 1900**

**Sted: Kommunestyresalen, Hareid rådhus**

### Til stades:

Berit Lyngstad, Pål Grødahl, Eldar Knotten, Hannelore Måseide, Kjell Einar Hatløy, Tor Wilhelm Havåg, William Ekeli, Eli Skaatun, Charlotte Hauge, Lars Erling Bjåstad Hovlid, Torstein Nytin, Roger Korsnes, Jeyuran, Gunn Berit Gjerde, Ann Helen Grimstad Worren, Jenny Helen Korsnes og Annika Brandal

### SAKSLISTE

#### 1. Val av ordstyrar, referent og personar til å signere protokoll

Ordstyrar: Berit Lyngstad

Referent: Annika Brandal

Signere protokoll: Eldar Knotten og William Ekeli

#### 2. Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjent.

#### 3. Årsmelding

##### a. Godkjent, med fylgjande tilføyinger:

- i. styremedlemmar og andre verv
- ii. resultat av valet
- iii. politiske medlemmar i råd og utval
- iv. fylkesårsmøtedeltakarar
- v. landsmøtedeltakarar
- vi. aktuelle saker vi har jobba mykje med
- vii. store saker i valkampen
- viii. dekning i media
- ix. politisk rekneskap
- x. nokre ord frå kommunestyregruppene

Berit tek ansvar for å oppdatere årsmeldinga med desse endringane. Den oppdaterte årsmeldinga vert sendt ut til medlemmane, samt publisert på nettside og Facebook.

#### 4. Rekneskap

Rekneskapen er revidert av 1 av 2 valde revisorar, Håkon Waage.

Utgifter som gjeld felles arrangement må delast mellom dei to kontoane utifrå medlemstal.



Ulstein Venstre

Årsmøtet godkjenner rekneskapen, under føresetnad av at rekneskapen vert revidert også av Ole Frank Bakken.

## 5. Val av styremedlemmar, revisor og valkomité

Valnemnda sitt forslag til styremedlemmar, varamedlemmar og revisorar:

### Faste styremedlemmar med personleg vara:

Berit Lyngstad, vara Charlotte Hauge  
Torstein Nytun, vara Odd Erling Norheim Eriksen  
Tor Wilhelm Havåg, vara William Ekeli  
Ann Helen Grimstad Worren, vara Ola Leiv Grimstad  
Jeyuran Vijayaratnam, vara Jenny Helen Korsnes  
Kjell Einar Hatløy, vara Lars Erling Bjåstad Hovlid

### Val av leiar:

Berit Lyngstad  
Styret konstituerer seg sjølv.

### Revisorar:

Annika Brandal og Håkon Waage

Einstemmig vedtatt.

**Valnemnda tek gjenval.**

## 6. Val av utsendingar til fylkesårsmøte og andre møte

Fylkesårsmøte er 13.-14. februar 2016 på Quality Ulstein Hotell i Ulsteinvik

Årsmøte vel fylgjande representantar som utsendingar til årsmøtet:

Frå Ulstein:

1. Pål Grødahl
2. Eldar Knotten
3. Berit Lyngstad
4. Tor Wilhelm Havåg

Frå Hareid:

1. Annika Brandal
2. Jenny Helen Korsnes
3. Jeyuran

Årsmøtet gir styret fullmakt til å supplere dersom det vert forfall på dei valde delegata.

I tillegg vert Eli Skaatun, Charlotte Hauge, William Ekeli, Håkon Waage, Kjell Einar Hatløy og Torstein Nytun med som observatørar.

***Alle må syte for å melde seg på sjølve.***

Årsmøtet drøfta dei utsende papira til fylkesårsmøte, med valnemnda sitt framlegg til fylkesstyret.



Ulstein Venstre

Med tanke på dei utfordringane vi står overfor til stortingsvalet 2017 meiner årsmøtet i Hareid og Ulstein Venstre at det er overmåteleg viktig at vi finn kandidatar og leiar til fylkesstyret som verkar samlande for heile fylket.

Berit Lyngstad deltok ikkje i handsaminga av denne saka.

## 7. Tiltak i høve kommunereform

Årsmøtet gjer følgjande vedtak:

Årsmøtet i Hareid og Ulstein Venstre ber styret kalle inn til ekstraordinært årsmøte (seinast utgang av oktober 2016) for å sette i verk naturlege tiltak etter vedtaka i kommunestyra i Hareid og Ulstein ang kommunereform.

## 8. Politiske uttalar

Ingen.

## 9. Aktivitetsplan 2016

Styret må jobbe med aktivitet i 2016. Stikkord er diskusjonssalong, skulering og fokus på «Det grøne». Rekruttering av nye medlemmar og ta i vare dei unge og nye.

## 10. Gruppeleirane orienterte om haustens politiske arbeid

Annika Brandal  
referent

Eldar Knotten

William Ekeli